

Kopi til:

Til
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttale ISAE 3000 – Sogn og Fjordane fylkeskommune sine rutinar knytt til finans- og gjeldsforvaltninga 2018

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi tryggleik for at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeida tilfredsstillande rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga og at dei vert følgt.

Sogn og Fjordane fylkeskommunes ansvar for rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga

Fylkestinget er ansvarlig for at finans- og gjeldsforvaltninga er underlagt administrative rutinar som sørger for at finans- og gjeldsforvaltninga blir utøvd i tråd med Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga vedteke av FT 18.10.2016, kommunelova og forskrift av 9. juni 2009 om kommunars og fylkeskommunars finans- og gjeldsforvaltning, og at finans- og gjeldsforvaltninga er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for NKRF's medlemmer. Retningslinjene inneholder m.a. uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggande prinsipp om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med International Standard on Quality Control 1 har Sogn og Fjordane revisjon IKS eit omfattande kvalitetskontrollsystem, her under dokumenterte retningslinjer og rutinar i samband med etiske krav, faglige standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

Vår oppgåve

Vår oppgåve er å gi ein uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sine rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med tryggleik i samsvar med den internasjonale standarden for attestasjonsoppdrag 3000 (ISAE 3000), *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, utgitt av International Auditing and Assurance Standards Board. Denne standarden krev at vi planlegger og gjennomfører dette oppdraget for å oppnå tryggleik for at det ikkje ligg føre vesentlige feil eller manglar ved fylkeskommunens rutinar for finans- og gjeldsforvaltning.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gi tryggleik med vising til ISAE 3000, inneberer å utføre handlingar for å innhente bevis for at rutinare for finans- og gjeldsforvaltninga er i samsvar med kommuneloven, forskrift om finansforvaltning og fylkeskommunens Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga. Type, tidspunkt - og omfang av dei valte handlingane er gjenstand for revisors skjønn. Gjennomføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gi tryggleik for, inneberer også ein kontroll av at:

- Det er etablert administrative rutinar som sørger for at finans- og gjeldsforvaltninga blir utøvd i tråd med Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga vedteke av FT 18.10.2016 og gjeldande lover og forskrift.
- Finans- og gjeldsforvaltninga er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.
- Det er utarbeidet rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko i tråd med Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga, her under:
 - prosedyrar og retningslinjer for vurdering av alle typar finansiell risiko i finansielle avtaler før inngåing av avtale blir gjennomført.

februar 2019

- prosedyrar og retningslinjer for overvaking og vurderingar av utviklinga i den finansielle risiko som fylkeskommunen er utsatt for.
- forholdet til tillét risikonivå og krav til risikospreiing fastsatt i Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga.
- Det er rutinar for å avdekke, rapportere og følge opp avvik frå Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at dei framlagte rutinane for finans- og gjeldsforvaltninga tilfredsstillar krava i fylkeskommunen sitt Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga vedteke av FT 18.10.2016 som er utarbeida på bakgrunn av Kommuneloven § 52 og Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

Denne uttala er berre utarbeidet for det formål som det er gjort reie for ovanfor og til fylkeskommunens informasjon, og skal ikkje nyttas til noko anna formål.

Leikanger 21.02.2019


Marianne Vara
Oppdragsansvarleg revisor